



Kort utgreiing om prisstruktur før og etter 1. august 2018

Som det går fram av PS18/2018 er den nye takstsonestrukturen for Hordaland utforma slik at om lag 95 prosent av dei kollektivreisande vil reise innanfor ei sone.

Ei viktig føring i arbeidet med ny takstsonestruktur har vore å ta omsyn til dei store pendlarstraumane inn mot Bergen. For Bergen kommune er det svært viktig at flest mogleg av dei som pendlar inn til byen nyttar kollektive transportmiddel. Sone Bergen har vorte utvida slik at det store fleirtalet av dei som pendlar inn vil få lågare eller lik pris etter soneomlegginga.

Slik forslaget til prisstruktur er utforma, vil prisen auke med 50 prosent frå minstetakst ved første sonepassering, og deretter 100 prosent ved neste passering. Prisen vert runda opp til nærmaste krone, slik det går fram av tabellen under (prisksempel enkeltbillett vaksen og barn):

	1 sone		2 soner		3 soner		4-7 soner
Gyldighet minutter	90	+30	120	+30	150	+30	180
Voksen / Student	37	+20	57	+40	97	+40	137
Barn	19	+10	29	+20	49	+20	69

Eksempel på endring i pris på nokre strekningar for vaksne reisande med enkeltbillett eller 30-dagars billett:

Fra	Til	Nåværende sonestruktur			Ny sonestruktur (7 soner)			Endring	
		Sonehopp	Enkelt-billett Vo februar 2018	30 dager februar 2018	Sone-hopp	Enkelt-billett Vo	30 dager	Enkelt-billett Vo	30 dager
OS	BERGEN	3	59	1015	0	37	810	-37 %	-20 %
NORHEIMSUND	BERGEN	12	168	1965	1	57	1215	-66 %	-38 %
FJELL	BERGEN	2	48	925	0	37	810	-23 %	-12 %
SAGVÅG	LEIRVIK	2	48	925	0	37	810	-23 %	-12 %
ØYSTESE	BERGEN	13	177	2085	1	57	1215	-68 %	-42 %
VAKSDAL	BERGEN	5	83	1245	1	57	1215	-31 %	-2 %
BJØRKHEIM	BERGEN	5	83	1245	1	57	1215	-31 %	-2 %
TYSSE	BERGEN	6	95	1355	1	57	1215	-40 %	-10 %
EIKEDALEN SKISENTER	BERGEN	7	107	1465	1	57	1215	-47 %	-17 %